

**Effekt av ferskvassbehandling på gjeller hjå
laks (*Salmo salar* L.) med amøbegjellesjukdom
(AGD): gjellepatologi, prevalens og tettleik av
*Paramoeba perurans***

Master i fiskehelse

Søgni Wiik



Institutt for biovitenskap

Universitetet i Bergen

Juni 2020

Innholdsliste

Forord	I
Samandrag	II
Forkortingar	IV
1. Innleiing	1
1.1 Norsk akvakultur	1
1.2 Gjellesjukdom i oppdrett	1
1.3 <i>Paramoeba perurans</i>	3
1.4 Amøbegjellesjukdom	4
1.4.1 Patologi	5
1.4.2 Risikofaktorar	7
1.4.3 Diagnostikk og påvising av AGD	9
1.5 Vertsregister, reservoar og smittespreiing	10
1.6 Behandling	11
1.7 Mikrobiota	12
1.8 Mål med studien	15
2. Material og metode	16
2.1 Beskriving av isolat (<i>P. perurans</i>)	16
2.2 Smitteforsøk	17
2.1.1 Smitte av laks med <i>P. perurans</i>	17
2.1.2 Ferskvassbehandling	17
2.1.3 Vassmiljøparametrar	18
2.2 Prøveuttak	18
2.2.1 Gjellescoring	19
2.2.2 Uttak.....	21

2.3 Kvantitativ berekning av <i>P. perurans</i> RNA-nivå i gjelleprøver	23
2.3.1 RNA-ekstraksjon frå gjellevev	23
2.3.2 Real-time RT-PCR.....	24
2.3.4 Berekning av normaliserte ekspresjonsverdiar for <i>P. perurans</i> RNA-nivå.....	26
2.4 Histologi	26
3. Resultat	28
3.1 Screening av fisk i forkant av forsøket	28
3.2 Smitteforsøk	28
3.3. Gjellescore	30
Del 1.....	31
Gjennomsnittleg gjellescore	31
Frie flater	33
Del 2.....	34
Gjennomsnittleg gjellescore	34
Frie flater	37
Del 1 og del 2 samla.....	38
Gjellescore per gjelleflate.....	38
3.4 Real-time RT-PCR analyser	40
Del 1	40
Prevalens av <i>P. perurans</i>	40
Mengde <i>P. perurans</i> i gjellevev	41
Del 2.....	43
Prevalens av <i>P. perurans</i>	43
Mengde <i>P. perurans</i> i gjellevev	44
RNA-nivå av <i>P. perurans</i> per gjelleboge.....	47

3.5 Korrelasjon mellom gjellescore og real-time RT-PCR resultat	49
Del 1 og del 2 samla.....	49
Gjellescore og RNA-nivå av <i>P. perurans</i> for HS2 ved alle uttak i forsøket	49
Del 2.....	51
Gjellescore og <i>P. perurans</i> RNA-nivå for kvar enkelt gjelleboge	51
3.6 Histologi	57
Del 2.....	57
Histopatologiske funn	57
4. Diskusjon	69
Mengde <i>P. perurans</i> RNA i dei ulike gjellebogane	71
Samsvar mellom real-time RT-PCR analysar og gjellescore	72
Effekt av ferskvassbehandling	73
Referanseliste	83
6. Appendiks	96
6.1 Tabellar.....	96
6.2 Oppskrifter.....	96
6.3 Formlar	97
6.4 Programvare.....	97

Forord

Denne masteroppgåva er ein del av profesjonsstudiet i fiskehelse hjå Universitetet i Bergen (UiB) ved det matematiske-naturvitskaplege fakultet. Arbeidet har vore knytt til prosjektet «Effekter av behandling mot lakselus, amøbegjellesykdom (AGD), og notrengjøring på gjellehelse hos laks i oppdrett» (FHF-901514), som er eit samarbeid mellom UiB, Stiftelsen Industrielaboratoriet i Bergen (ILAB), Pharmaq Analytiq, NORCE og Universitetet i Stirling.

Først og fremst vil eg takke mine to rettleiarar Are Nylund og Linda Andersen for god hjelp og støtte gjennom masterperioden, sjølv om siste innspurt våren 2020 ikkje vart optimal med tanke på restriksjonar og heimekontor som følgje av koronaviruspandemien.

Vidare vil eg takke Christiane Trösse for grundig og god opplæring på lab.

Takk til Steffen H. Blindheim for svar på både store og små spørsmål rundt detaljar i prosjektet.

Takk til Alf S. Dalum for god hjelp med å tolke dei histologiske snitta, og for å gi grundige og oppklarande svar på alle mine spørsmål om ulike histologiske funn.

Eg vil rette ein stor takk til alle medstudentane mine på fiskehelse for å ha bidratt til ei svært fin studietid i Bergen, og for godt samhold på lesesalane i 3.etg. Det var vel ikkje akkurat slik vi hadde sett for oss at fem år med studie saman skulle ende, men vi får ta igjen feiringa ved nærmaste anledning. Eg ser veldig fram til å sjå dykk igjen på ulike konferansar og samankomstar i framtida.

Til slutt vil eg takke familie, venner og romkameraten min i kollektivet for å ha haldt ut med meg gjennom heile masterperioden. Tusen takk for støtte og gode råd, og for fine og naudsynte avbrekk frå skrivinga.

Bergen, 16.06.20

Søgni Wiik

Samandrag

Eit av dei største problema ein opplever i sjøfasen hjå oppdrettslaks er dårleg gjellehelse. Det har eit komplekst årsakstilhøve og er ofte assosiert med eit breitt spekter av patogen. Eit av patogene som kan infisere gjellene hjå laks er amøben *Paramoeba perurans* som forårsakar amøbegjellesjukdom (AGD). Sidan 2012 har denne sjukdomen ført til vesentlege tap i norsk lakseoppdrett. For å halde kontroll på sjukdomsutbrot er ein ofte nøydd å behandle fisken, og ein av dei vanlegaste metodane for behandling av AGD er ferskvassbehandling. Likevel kan slike behandlingar medføre stress for fisken, og under til dømes ferskvassbehandling, der ein får ei rask endring i vassmiljø, kan det tenkjast at det vil føre til endringar i til dømes mikrobiotaen på gjellene. Ein har lite kunnskap rundt dynamikken mellom produksjonsstress, mikrobiota og gjellehelse.

Denne masteroppgåva er ein del av eit større FHF-prosjekt (nr. 901514) der hovudmålet er å undersøke korleis produksjonsstress (m.a. behandling av AGD eller mot lakselus, og spyling av nøter) påverkar gjellehelsa til laks. Eit delmål i dette prosjektet var å kartlegge effekten av behandling mot AGD ved bruk av ferskvatn i eit eksperimentelt oppsett med berre *P. perurans* til stade. Difor gjennomførte ein eit smittforsøk på ILAB med Atlantisk laks i kontrollert miljø. Fisken vart smitta med eit klonalt isolat av *Paramoeba perurans*, opphavelig isolert i oktober 2013 frå oppdrettslaks med AGD i Hordaland, Vest-Norge. Ferskvassbehandling vart gjennomført 16 dagar etter smitte, med ein varigheit på 3 timar. Effekt av ferskvassbehandling vart gjennom denne studien målt ved gjellescore, kvantifisering av amøbemengde i gjellelev målt ved real-time RT-PCR og histologi av gjeller. Ein nytta òg tal på frie flater (gjelleflater utan gjellescore) som eit mål på effekt av behandling.

Denne studien bekreftar resultat frå tidlegare litteratur om ferskvassbehandling av AGD, då ein såg at behandlinga hadde ein reduserande effekt på gjellescore, og på prevalens og RNA-nivå av *P. perurans*. Behandlinga førte òg til at ein i snitt fekk fleire frie flater per fisk i behandla grupper samanlikna med ubehandla grupper. Histologiske funn var foreinleg med tidlegare beskriven AGD-patologi, men ein kunne ikkje sjå ein klar effekt av behandling på histologiske snitt.

Dette er det første studiet som har undersøkt fordeling av *P. perurans* RNA-nivå mellom dei åtte gjellebogane hjå Atlantisk laks gjennom eksperimentelt smittforsøk med utvikling av AGD. Ein såg at det ikkje var betydelege skilnadar mellom gjellebogane ved høg prevalens, og difor er alle gjellebogane like eigna for uttak av vevsprøver til PCR-analysar. Ved låg

prevalens såg ein at RNA-nivået av *P. perurans* varierte mellom gjellebogane, og difor anbefalast det å ta ut prøver frå fleire gjeller, eller frå mange fisk, for å få eit best mogleg bilde av korleis effekt av behandling har vore.

Forkortingar

Forkorting	Betydning
AGD	Amøbegjellesjukdom
ASPV	Atlantisk laks Paramyxovirus
CDG	«Complex Gill Disease», Kompleks gjellesjukdom
CFU	«Colony-forming unit», Kolonidannande eining
CMS	Kardiomyopatisyndrom
Ct-verdi	Terskel syklusverdi
DNA	Deoksyribonukleinsyre
Dpi	Dagar etter smitte
Dpt	Dagar etter behandling
E	Effektivitet (tilknytt assay i real-time RT-PCR)
EL1A	Elongeringsfaktor 1 alfa for Atlantisk laks (assay)
FAO	FNs organisasjon for ernæring og landbruk
FHF	Fiskeri- og havbruksnæringens forskningsfinansiering
F-primer	«Forward»-primer
H ₂ O ₂	Hydrogenperoksid
HE	Hematoksylin og eosin
HS1	1. gjelleboge på høgre side
HS2	2. gjelleboge på høgre side
HS3	3. gjelleboge på høgre side
HS4	4. gjelleboge på høgre side
ILAB	Stiftelsen Industrielaboratoriet i Bergen
ILAV	Infeksiøs lakseanemi virus
IPNV	Infeksiøs pankreasnekrose virus
L	Liter
mg	Milligram
mL	Milliliter
MYB	Malt-gjær-buljong
N	Tal på individ
NCGD	«Non-cultured gill-derived», ikkje-kultivert gjelleavleia
NE	Normalisert ekspresjon

nM	Nanomolar
NTC	Negativ templatkontroll
<i>P. branchiphila</i>	<i>Paramoeba branchiphila</i>
<i>P. pemaquidensis</i>	<i>Paramoeba pemaquidensis</i>
<i>P. perurans</i>	<i>Paramoeba perurans</i>
PCR	Polymerasekjedereaksjon
PD	Pankreas sjukdom
PGI	Proliferativ gjelleinflammasjon
PMCV	Piscine myokarditt virus
Pperu	Assay mot <i>Paramoeba perurans</i>
PRV	Piscine orthoreovirus
PSU	«Practical salinity units», Praktiske salinitetseiningar
Realtime RT-PCR	Sanntids revers transkriptase polymerasekjedereaksjon
RK	Reinsekontroll
RNA	Ribonukleinsyre
R-primer	«Revers»-primer
RT	Revers transkriptase
SGPD	«Salmon gill poxvirus disease»
SGPV	Salmonid gjellepoxvirus
sp.	Art (ukjent) innad slekta
spp.	Artar innad slekta
SSB	Statistisk sentralbyrå
UiB	Universitetet i Bergen
µL	Mikroliter
µm	Mikrometer
VS1	1. gjelleboge på venstre side
VS2	2. gjelleboge på venstre side
VS3	3. gjelleboge på venstre side
VS4	4. gjelleboge på venstre side

1. Innleiing

1.1 Norsk akvakultur

Norge er blant dei ti ledande landa i verda på akvakulturproduksjon, og nummer to i verda når det kjem til eksport av sjømat (FAO, 2019). Tal henta frå SSB viser at det i 2018 vart seld 1,28 millionar tonn Atlantisk laks (*Salmo salar* Linnaeus, 1758), og 68 345 tonn regnbogeare (*Oncorhynchus mykiss* Walbaum, 1792). Dette gjer at Norge er verdas største produsent av laksefisk. Den samla førstehandsverdien etter sal av desse to artane utgjorde 67,5 milliardar kroner i 2018 (SSB, 2020). Laks åleine utgjorde 94,6% av total produksjon i norsk akvakultur, medan regnbogeare berre utgjorde 5% av totalen. Dette viser at oppdrettsnæringa er ei særskilt viktig næring i Norge, og det er forventa at den kjem til å fortsette å vere det i framtida om ein klarar å løyse utfordringane ein har. Ei av dei store utfordringane er sjukdom som gjev dårleg vekst, redusert fiskevelferd og dødelegheit, og som fører til økonomiske tap for næringa. I 2019 vart infeksjon med lakselus (*Lepeophtheirus salmonis* Krøyer, 1837), virussjukdomane PD (pankreassjukdom, Salmonid alphavirus) og CMS (Kardiomyopatisyndrom/«Hjartesprikk», Piscine myokarditt virus), sårproblematikk (forårsaka av t.d. bakteriar), og kompleks/multifaktoriell gjellesjukdom meldt inn blant «topp ti problem på matfisk laks» i Fiskehelse rapporten (Sommerset *et al.*, 2020).

1.2 Gjellesjukdom i oppdrett

Eit av dei største problema ein opplever i sjøfasen hjå oppdrettslaks er dårleg gjellehelse, og dette har eit komplekst årsakstilhøve. Det har over fleire år vore eit velferdsmessig problem, og førekomsten av gjellesjukdomar er aukande (Sommerset *et al.*, 2020). Denne auka kan delvis forklarast med at ein har fått større fokus på gjellehelse og diagnostikk. Sidan sjukdomen ofte er multifaktoriell kan det vere vanskeleg å seie nøyaktig kva som er årsaka til gjelleskadane (Herrero *et al.*, 2018). Faktorar som kan påverke sjukdomsbildet er til dømes temperatur, vassmiljø, algeoppblomstringar, fisken sin generelle helsestatus, handtering av fisken, og kva patogen som er til stades (Nylund *et al.*, 2011; Herrero *et al.*, 2018). Gjellesjukdom er ikkje er meldepliktig og det er difor vanskeleg å vite nøyaktig omfanget av dette i oppdrettsnæringa. Sjølv om det er usikkert kor stor førekomsten er, viser tal frå Fiskehelse rapporten 2019 at det har vore ei auke i tal påvisingar av gjellebetennelse frå 2018 til 2019 (Sommerset *et al.*, 2020). For lakseoppdrett globalt er gjellesjukdomar òg eit aukande

problem, men framleis har ein mange kunnskapshøl (Mitchell og Rodger, 2011; Rodger *et al.*, 2011; Herrero *et al.*, 2018; Rozas-Serri, 2019).

Der finns ei rekke patogen som er assosiert med ulike gjellesjukdomar, og ofte vert fleire påvist samtidig (sjå tabell 1.1). Sjukdomsnamn som «epiteliocystis», «proliferativ gjellebetennelse» (PGI) og «kompleks gjellesjukdom» (CGD, «Complex gill disease») vert gjerne brukt litt om kvarandre. Likevel er epiteliocystis hovudsakleg assosiert med bakteriar i Chlamydiales ordenen (*Ca. Piscichlamydia salmonis*, *Ca. Clavichlamydia salmonicola*, og *Ca. Syngnamydia salmonis*) og β -proteobakterien *Ca. Branchiomonas cysticola* (Nylund, Kvenseth og Isdal, 1998; Draghi *et al.*, 2004; Karlsen *et al.*, 2008; Steinum *et al.*, 2010; Mitchell *et al.*, 2013; Nylund *et al.*, 2015). Mikrosporidien *Desmozoon lepeophtherii* (syn. *Paranucleospora theriidion*) er assosiert med PGI og «haustsjuka» (Nylund *et al.*, 2010; Nylund *et al.*, 2011; Steinum *et al.*, 2010). *Ichthyobodo salmonis* er òg assosiert med gjellesjukdom, og kan forårsake Ichthyobodose («Costia») (Isaksen *et al.*, 2011; Isaksen *et al.*, 2012). Eit virus som ofte har vorte assosiert med gjellesjukdomar er salmonid gjellepoxvirus (SGPV) (Nylund *et al.*, 2008; Nylund *et al.*, 2011; Gjessing *et al.*, 2017). Paramyxovirus (ASPV) har òg vorte påvist i samanheng med gjellesjukdom, men har i etterkant ikkje vist seg å vere så viktig (Fridell, Devold og Nylund, 2004; Kvellestad, Dannevig og Falk, 2003; Kvellestad *et al.*, 2005; Steinum *et al.*, 2010; Herrero *et al.*, 2018). Amøben *Paramoeba perurans* forårsakar amøbegjellesjukdom (AGD) (Young *et al.*, 2007), og har sidan 2012 ført til vesentlege tap i norsk lakseoppdrett (Sommerset *et al.*, 2020; Mo *et al.*, 2015). *Tenacibaculum maritimum* som er knytt til gjelleproblem i oppdrett av Atlantisk laks i British Columbia (Canada), har dei siste åra òg vorte påvist i norsk lakseoppdrett (Frisch *et al.*, 2018).

Tabell 1.1 Oversikt over gjellepatogen hjå laks i Norge.

Patogen	Sjukdom
<i>Ca. Branchiomonas cysticola</i>	Epiteliocystis
<i>Ca. Piscichlamydia salmonis</i>	Epiteliocystis
<i>Ca. Syngnamydia salmonis</i>	Epiteliocystis
<i>Ca. Clavichlamydia salmonicola</i>	Epiteliocystis

<i>Desmozoon lepeophtherii/ Paranucleospora theriidion</i>	PGI/«Haustsjuka»
<i>Ichthyobodo</i> spp. (<i>salmonis</i>)	Ichthyobodose/«Costia»
Poxvirus (SGPV)	SGPD
Paramyxovirus (ASPV)	Ikkje aktuell
<i>Paramoeba perurans</i>	AGD
<i>Tenacibaculum maritimum</i>	Tenacibaculose

1.3 *Paramoeba perurans*

Paramoeba perurans vert taksonomisk plassert i slekta *Paramoeba*, familie Paramoebidae, orden Dactylopodia, subklasse Flabellinea, klasse Discosea og rekke Amoebozoa (Smirnov *et al.*, 2011; Kudryavtsev, Pawlowski og Hausmann, 2011). *Neoparamoeba perurans* vert brukt synonymt i litteraturen, men namnebruken er mykje omdiskutert då det ikkje finns klare skilje mellom slektene *Neoparamoeba* og *Paramoeba*, verken morfologisk eller genetisk (Feehan *et al.*, 2013). I denne oppgåva vert forslaget til Feehan *et al.* (2013) følgt, og dei aktuelle artane vert referert til som *Paramoeba* spp.

Amøben er ein eincella mikroorganisme, og opptrer som ein fritt-levande fakultativ ektoparasitt (Oldham, Rodger og Nowak, 2016). Cella har ikkje tydelege strukturar på overflata, men har ein klart definert plasmamembran (Young *et al.*, 2007; Oldham *et al.*, 2016; Wiik-Nielsen *et al.*, 2016). Den har to typar cytoplasma; hyalint/transparent ektoplasma, og granulært/kornete endoplasma. Ektoplasmaen kan danne utløparar frå cella i varierende lengder og former, og det er desse som vert kalla pseudopodier (Page, 1987). Endoplasmaen inneheld organellane, næringsvakuolene og cellekjernen (3,3 – 6,0 µm) (Young *et al.*, 2007; Wiik-Nielsen *et al.*, 2016).

I tillegg innehar den alltid ein eller fleire parasom (*Perkinsela* spp.) i nærleik til cellekjernen, ein eukaryotisk endosymbiont som er i nær slekt med parasittiske flagellatar (*Ichthyobodo necator*) (Page, 1987; Dyková *et al.*, 2003; Young *et al.*, 2007; Young *et al.*, 2014; Tanifuji *et al.*, 2011; Wiik-Nielsen *et al.*, 2016). Funksjonen til parasoma er ikkje kjent, men sidan amøben alltid har minst ein parasom til stades, er denne symbiosen truleg obligatorisk og mutualistisk (Dyková *et al.*, 2003; Young *et al.*, 2014). Det er vist at symbiosen er obligat i *P. pemaquidensis* (Tanifuji *et al.*, 2017). Ein intracellulær bakterie, *Ca. Syngnamydia salmonis*

(*Chlamydiales*, *Simkaniaceae*), kan òg vere til stades i *P. perurans*, og i forsøk der bakterien vart samdyrka i amøben vart det vist at den er i stand til å formeire seg i amøben (Nylund *et al.*, 2018).

Frittflytande, runde amøbar kan ha ein diameter på rundt 20-30 μm , medan adherente amøbar har vorte målt til over 50 μm (Karlsbakk *et al.*, 2013; Young *et al.*, 2007). *P. perurans* i kultur kan ha stor variasjon i morfologien, og kan vere alt frå distinkte runde celler, til polymorfe celler med tydelege pseudopodier (Wiik-Nielsen *et al.*, 2016). Amøben har ikkje ekte cystedanning med dobbelt cellevegg, men kan danne opprunda stadium som liknar på cyster og vert kalla pseudocyster (Lima, Taylor og Cook, 2017). Det er vist at *P. perurans* kan overleve akutt osmotisk stress ved å danne pseudocyster, og det er føreslått at det òg kan vere ein strategi for å beskytte seg i situasjonar med avgrensa areal tilgjengeleg for adhesjon eller redusert tilgang til næring (Lima *et al.*, 2017; Wiik-Nielsen *et al.*, 2016). Den fullstendige livssyklusen og reservoara til *P. perurans* er ukjent (Oldham *et al.*, 2016).

1.4 Amøbegjellesjukdom

Amøbegjellesjukdom (AGD) hjå Atlantisk laks og regnbogeare i sjøoppdrett vart først beskrive på midten av 1980-talet i Tasmania, Australia (Munday *et al.*, 1990). Sidan då har det utvikla seg til å verte det mest alvorlege helseproblemet i marint oppdrett av laksefisk i Tasmania (Oldham *et al.*, 2016). Dei seinare åra har sjukdomen òg ført til store problem i Europa, med betydelege tap i oppdrettsnæringa i Irland og Skottland (Rodger, 2014). I dag førekjem AGD globalt, og er påvist hjå 17 forskjellige fiskeartar spreidd over heile verda (Oldham *et al.*, 2016; Hvas *et al.*, 2017).

Etiologien til AGD hjå laks var i mange år ukjent, og ulike amøbeartar vart foreslått som agens. Artane *Paramoeba pemaquidensis* og *Paramoeba branchiphila* vart hyppig isolert frå gjeller frå fisk med AGD, og difor sterkt assosiert med sjukdomen (Kent, Sawyer og Hedrick, 1988; Munday, Zilberg og Findlay, 2001; Dykova *et al.*, 2005). Problemet var at ein ikkje klarte å framkalle sjukdomen i eksperimentelle smitteforsøk (Morrison *et al.*, 2005). Young *et al.* (2007) oppdaga seinare, ved bruk av artsspesifikke oligonukleotidprobar, at probane for *P. pemaquidensis* og *P. branchiphila* ikkje festa seg til amøbar assosiert med AGD. Det vart derimot påvist ein annan ukjent amøbeart, ved bruk av ein probe for ein ikkje-kultivert gjelleavleia (NCGD, «non-cultured gill-derived») amøbe, som vi i dag kjenner som arten *P. perurans*. Young *et al.* (2008) testa vidare prøver frå 4 forskjellige fiskeartar med AGD frå 6

ulike land for nærvær av *P. perurans*, og viste at denne amøben var einaste agens til stades ved desse utbrota. Crosbie *et al.* (2012) gjennomførte seinare eit smittforsøk som oppfylte Koch's postulat, og bekrefta slik at *P. perurans* er agenset som forårsakar AGD hjå laks. Nyare forskning frå Tasmania har vist at 11 fleire amøbeartar kan kolonisere gjellene hjå laks med AGD samstundes som *P. perurans*, men rolla deira i sjukdomen er framleis uklar (English *et al.*, 2019).

Her i Norge vart amøben *P. perurans* først påvist i 2006, assosiert med gjellesjukdom og høg dødelegheit hjå laks ved fire ulike lokalitetar på Vestlandet (Nylund *et al.*, 2007; Nylund *et al.*, 2008; Steinum *et al.*, 2008). På det eine anlegget vart det registrert dødelegheit på 80%, men fordi det òg vart registrert PGI ved utbrotet er det usikkert i kor stor grad dødelegheita var direkte årsaka av AGD. Etter desse utbrota av AGD vart det ikkje gjort nye påvisingar før i 2012 og 2013, med høvesvis 5 og 56 tilfelle (Hjeltnes, 2014), altså med ei kraftig auke i denne korte perioden (tidobling). I 2014 hadde tal påvisingar ytterlegare auka til 69 utbrot (Bornø og Lie Linaker, 2015). I desse åra frå 2012-2014 var det mange anlegg i Sør-Norge som opplevde auka dødelegheit og store tap då dei blei hardt ramma av AGD. Sidan den gong har sjukdomen vorte sett på som ein av dei mest alvorlege gjellesjukdomane òg her til lands med årlege utbrot (Mo *et al.*, 2015; Bornø og Lie Linaker, 2015; Hjeltnes *et al.*, 2018; Sommerset *et al.*, 2020). I 2019 hadde ein påvisingar frå Rogaland i sør, til Nordland i nord, men førebels har ein i følgje Veterinærinstituttet ikkje gjort påvisingar nord for dette og i Finnmark (Sommerset *et al.*, 2020). Handtering av AGD vert gjort gjennom behandling med mellom anna ferskvatn, og saman med hyppige undersøkingar med molekylære metodar som real-time PCR («screening») har det bidrege til betre sjukdomskontroll (Sommerset *et al.*, 2020). Tal på sjukdomsutbrot varierer etter sesong. Det observerast flest utbrot i perioden frå august til november, men det kan starte allereie i juni og vare til februar-mars året etter (Mo *et al.*, 2015). Rensefisk, mellom anna berggylt (*Labrus bergylta* Ascanius, 1767), rognkjeks (*Cyclopterus lumpus* Linnaeus, 1758), blåstål/rødnebb (*Labrus mixtus* Linnaeus, 1758) og grøngylt (*Symphodus melops* Linnaeus, 1758), som vert nytta til biologisk avlusing i stor grad i oppdrett i Norge, har òg fått påvist AGD (Karlsbakk *et al.*, 2013; Haugland *et al.*, 2017; Steigen *et al.*, 2018).

1.4.1 Patologi

Klinisk ser ein «svimarar» med respirasjonsproblem, gjerne i form av auka respirasjonsrate, utståande gjellelokk og redusert appetitt (Kent *et al.*, 1988; Munday *et al.*, 1990; Steinum *et*

al., 2008). Patologien avgrensar seg hovudsakleg til gjellene. Amøben vert ofte assosiert med gjelleepitelet der den prolifererar (Adams og Nowak, 2004b). I affiserte område vil det skje endringar lokalt, og makroskopisk kan ein observere kvite og slimete områder eller flekkar (engelsk: «patchar») på gjelleoverflatene som er verten sin respons på infeksjonen i møte med patogenet (Clark og Nowak, 1999; Adams og Nowak, 2001). Hjø Atlantisk laks speglar omfanget av lesjonane ofte sjukdomen si alvorsgrad, og på grunn av det kan ein vurdere utviklinga av sjukdomen enkelt ved å undersøke grad av skadar eller lesjonar på gjelleflatene, ved såkalla gjellescoring (Taylor *et al.*, 2009b).

I smittforsøk med AGD har det vorte observert skilnadar i fordeling av flekkar på gjellebogane, der dei fleste lesjonane oppstod dorsalt og ventralt på gjelleflata, altså i områda på gjella som er orientert nærmast hovud og buk på fisken (Hytterød *et al.*, 2018). Lesjonane kan oftast påvisast i desse områda gjennom eit sjukdomsforløp. Ein kan òg sjå at lesjonar først oppstår inn mot brusken enn ytst på gjellebogen mot dei frie gjellefilamenta (Hytterød *et al.*, 2018). I tillegg har ein sett at gjelleboge 2 og 3 kan få ein signifikant høgare gjellescore enn dei andre gjellebogane (Hytterød *et al.*, 2018). Det vert difor spekulert rundt om dette kan komme av at ein har ein større vassgjennomstrøyming mellom gjelleboge 2 og 3 (som demonstrert av Paling (1968)), dersom mengda av *P. perurans* er ein bestemmande faktor for gjellescoreutvikling og mengde agens vert styrt av vassgjennomstrøyminga (Hytterød *et al.*, 2018).

Histologisk er AGD assosiert med hyperplasi av epitelceller, samanvaksne sekundærlamellar og danning av interlamellære vesiklar (lakuner, kavitering) (Kent *et al.*, 1988; Munday *et al.*, 1990; Clark og Nowak, 1999; Adams og Nowak, 2001). Amøbar har vorte observert inni desse lakunene (Kent *et al.*, 1988; Adams og Nowak, 2001), eller i nærleik til epitelet langs det affiserte området (Bustos *et al.*, 2011). Tilstrøyming av immunceller (leukocytter) er òg assosiert med affiserte områder i gjellevevet, både nøytrofiler, makrofagar og eosinofile granulære celler har vorte observert (Adams og Nowak, 2001; Lovy *et al.*, 2007). På grunn av auka slimproduksjon vert det òg observert auke i tal slimceller (Munday *et al.*, 1990; Zilberg og Munday, 2000; Adams og Nowak, 2003). I områder med store lesjonar i form av hyperplasi kan tal på kloridceller vere redusert (Munday *et al.*, 1990; Adams og Nowak, 2003), og ved danning av mindre lesjonar har det vorte observert avstøyting av kloridceller (Adams og Nowak, 2003). I nokre alvorlege tilfelle har det òg vorte observert histopatologiske endringar i indre organ, med multifokale nekrosar i levervev (Rodger, 2014).

Dei patologiske endringane vil føre til at den funksjonelle overflata til gjellene vert redusert. Dette kan gjere respirasjon og osmoregulering vanskeleg, og føre til at fisken får respiratorisk acidose (Powell, Fisk og Nowak, 2000). Sjølv om gassutvekslinga over gjellene er redusert, kjem truleg ikkje dødelegheita av akutt respiratorisk svikt. Det er vist at fisk med AGD i hypoksisk miljø kan kompensere for redusert gjelleoverflateareal ved å redistribuere blodgjennomstrøyminga i gjellene eller ved å auke perfusjonen gjennom gjellene (Powell *et al.*, 2000). Andre effektar ein har sett av sjukdomen er vasokonstriksjon og hypertensjon som viser at ein kan ha signifikante endringar i den kardiovaskulære fysiologien under infeksjon (Leef *et al.*, 2007). Sjølv om ein ikkje veit heilt sikkert kva dødsårsaka for AGD er, er det truleg ein samanheng mellom respirasjons- og sirkulasjonsforstyrningar som fører til død (Powell, Reynolds og Kristensen, 2015). Patologien som har vorte funne i levervev i samanheng med AGD er foreinleg med slike sirkulasjonsforstyrningar, og kan ofte sjåast seint i forløpet (L. Andersen, pers. kom). Dødelegheita oppstår gjerne i samanheng med behandlingar og handtering av fisken, sidan sjuk fisk vil vere meir utsett for stress i slike situasjonar (Powell *et al.*, 2015).

Sjølv om tilhøvet mellom vert og patogen er nøye undersøkt for AGD, kan ein framleis ikkje forklare alt som omhandlar verten sin immunrespons under infeksjon med *P. perurans* (Benedicenti *et al.*, 2015). På eit tidleg stadium av infeksjonen er det foreslått at *P. perurans* triggar ein klassisk inflammasjonsrespons, med infiltrering av T-celler i gjellevev og auka uttrykking av cellulære markørar assosiert med antigenbærande celler og B-celler (Pennacchi *et al.*, 2014). Seinare i sjukdomsforløpet er det vist at fisken kan ha ein immundempande strategi som er tilsvarande det ein ser under infeksjon med helmintiske parasittar, der cellemedierte drapsmekanismer vert undertrykt (Benedicenti *et al.*, 2015). Det òg vist at det kan skje oppregulering av proinflammatoriske cytokin i seine stadium av sjukdomen (Morrison, Young og Nowak, 2012; Bridle *et al.*, 2006). Elles er det framleis store kunnskapshøl her.

1.4.2 Risikofaktorar

Globalt er det vanskeleg å finne trendar i kva som triggar utbrot fordi *P. perurans* er lite vertsspesifikk og kan infisere mange ulike fiskeartar over heile verda (Oldham *et al.*, 2016; Hvas *et al.*, 2017). Sjukdomsutbrota såg ut til å vere avgrensa til periodar med høg sjøtemperatur (>12 °C) og høg salinitet (Clark og Nowak, 1999; Douglas-Helders *et al.*, 2001). I Tasmania var utbrota assosiert med sjøtemperaturar mellom 15-20 °C i sommar/haust

halvåret (Munday *et al.*, 1990), og i mange andre tilfelle vart det vist at det kunne vere ein samanheng mellom periodar med unaturlege høge temperaturar og etablering av AGD i nye områder (Oldham *et al.*, 2016). Det har òg vorte reflektert rundt om klimaendringar, med tanke på høgare temperaturar, kan vere med å påverke utbrot av AGD med ein sterkare effekt på lakseoppdrettsnæringa enn før (Nowak og Archibald, 2018). Eit anna aspekt ved høg temperatur er at det kan overstige den kritiske grensa for kva Atlantisk laks toler, som er rundt 20 °C (Elliott, 1994 sitert i (Jonsson og Jonsson, 2009)), og difor kan det tenkjast at fisken då vert meir mottakeleg for sjukdom på grunn av andre fysiologiske utfordringar, heller enn at virulensen til amøben har auka (Clark og Nowak, 1999; Oldham *et al.*, 2016). Sjølv om ein kan sjå fleire utbrot av AGD ved temperaturar over 12 °C, kan det òg førekomme utbrot ved lågare temperaturar (Clark og Nowak, 1999; Douglas-Helders *et al.*, 2001; Rodger, 2014; Mo *et al.*, 2015). I Norge er det dokumentert kliniske utbrot ved temperaturar heilt ned til 6-7 °C (Steinum *et al.*, 2008; Mo *et al.*, 2015).

Salinitet har vist seg å vere den viktigaste miljøfaktoren for utbrot av AGD (Clark og Nowak, 1999). Salinitet over 25‰ er forbunde med risiko, og lokalitetar som har høg salinitet (> 32 ‰) er mest utsett for sjukdomsutbrot (Clark og Nowak, 1999; Douglas-Helders *et al.*, 2001; Munday *et al.*, 2001; Steinum *et al.*, 2008). *P. perurans* er ein marin amøbe og har låg toleranse for ferskvatn (Oldham *et al.*, 2016), og Bridle *et al.* (2015) viste i eit forsøk at det var samanheng mellom salinitet og amøben si evne til å feste seg i cellekulturflasker (CHSE-214). Tal på amøbar som hadde festa seg var signifikant høgare ved 30 ‰ enn ved 20 ‰ (Bridle *et al.*, 2015). Collins *et al.* (2019) fant at populasjonar av *P. perurans* dyrka *in vitro* hadde optimal vekst ved 15 °C og 35 ‰. Den lågaste temperaturen og salinitet for vekst låg mellom 4-8 °C og 20-25 ‰.

Andre faktorar som har vist seg å kunne påverke utvikling av sjukdomen er tettleik av fisk, immunstatusen til fisken, storleik på fisken, genetikk, behandlingar, om der er andre gjellepatogen til stades, algeoppblomstringar og vasskvalitet på lokaliteten (Adams og Nowak, 2001; Munday *et al.*, 2001; Bermingham og Mulcahy, 2004; Crosbie *et al.*, 2010; Rodger, 2007; Douglas-Helders *et al.*, 2004; Bermingham og Mulcahy, 2007; Clark og Nowak, 1999; Kube, Taylor og Elliott, 2012). Kor stor dose med amøbar fisken har vorte eksponert for vil òg påverke alvorgrad av sjukdomen, der ein har observert at dess høgare konsentrasjonen av amøbar er, dess meir alvorleg vert forløpet (Zilberg, Gross og Munday, 2001). I smittforsøk med *P. perurans* gjennomført ved UiB og ILAB har ein òg registrert at det førekom variasjonar mellom fiskepopulasjonar, og mellom individ i populasjonane (Kindt,

2017). Det er vist at Atlantisk laks har genetiske resistensmekanismer mot AGD og at desse er arvelege (Taylor *et al.*, 2009a; Kube *et al.*, 2012). Dette kan bety at det varierer kor mottakeleg laks er for amøben. Ein har likevel ikkje fullstendig kunnskap om korleis alt dette spelar inn på infeksjonsforløpet.

Intensiveringa av lakseoppdrett, med påfølgande auke i fisketettleik og biomasse som vert oppdretta, og miljøtilhøva i merdane har vorte rapportert som signifikante risikofaktorar for utbrot av AGD (Nowak, 2007; Oldham *et al.*, 2016), men per dags dato føreligg det likevel ikkje bevis på at akvakulturaktivitet er hovudpådrivaren for den auka framveksten av AGD (Nowak og Archibald, 2018). Delar av denne auka kan likevel forklarast av eit større fokus på gjellesjukdomar, og utvikling av fleire og betre metodar for å påvise agens med.

Douglas-Helders *et al.* (2000) observerte at *Paramoeba* spp. kan overleve på gjellene til dødfisk i over 30 timar, og er vidare er i stand til å formeire seg og infisere gjeller til naive fisk gjennom denne perioden. På grunn av dette er det viktig å fjerne all dødfisk fordi det potensielt kan utgjere ei viktig kjelde til spreiding av smitte ved utbrot av AGD (Oldham *et al.*, 2016).

1.4.3 Diagnostikk og påvising av AGD

Klinisk diagnose vert ofte gjeve på bakgrunn av lesjonane (flekkane) som ein finn på gjellene til Atlantisk laks med AGD. Grad av sjukdom bestemast gjennom å bruke eit scoringssystem som vurderer gjellene på ein skala frå 0 til 5 (Taylor *et al.*, 2009b), der 0 er gjeller utan score eller lesjonar, medan 5 er kraftig affiserte gjeller. Systemet er vidt brukt i kommersielt oppdrett, og kan vere ein god indikator på sjukdomen dersom scoringa vert gjennomført av personar med mykje erfaring frå feltet (Clark og Nowak, 1999; Adams, Ellard og Nowak, 2004; Bridle *et al.*, 2010; Oldham *et al.*, 2016). Nyare studiar har derimot vist at systemet ikkje kan overførast direkte til marine artar som berggylt og rognkjeks (Dahle, 2015; Haugland *et al.*, 2017; Dahle *et al.*, 2020 i trykk). Ulempa er at ein ikkje kan påvise at amøbar er til stades ved bruk av dette systemet, ettersom det er verten sin respons i møte med patogenet som målast, og andre patogen enn *P. perurans* kan medføre auka slimproduksjon og liknande «patchar» på gjellene (Adams *et al.*, 2004; Nylund *et al.*, 2011; Quaglio *et al.*, 2016). Ein metode som kan nyttast for å påvise amøbar er å ta våtutstryk frå affiserte gjeller, med påfølgande undersøking i mikroskop. Det vanlegaste for å påvise amøben er likevel å nytte molekylære metodar som real-time PCR på svaber («swabs») eller vev frå gjeller, der

det har vorte utvikla ulike spesifikke assay for *P. perurans* (Fringuelli *et al.*, 2012; Downes *et al.*, 2015; Nylund *et al.*, 2018). På histologiske snitt av gjeller kan ein finne AGD-patologi med hyperplasi av epitelceller, samanvaksne sekundærlamellar og danning av lakuner, i tillegg til amøbar (med parasom) (Nowak, 2012). PCR-analysar og histologi vert difor viktige metodar for å kunne differensiere AGD frå andre gjellesjukdomar.

1.5 Vertsregister, reservoar og smittespreiing

P. perurans har vist seg å vere lite vertsspesifikk då den har vorte påvist på 17 forskjellige artar frå 14 ulike slekter globalt (Oldham *et al.*, 2016; Hvas *et al.*, 2017). I Norge er den påvist hjå Atlantisk laks, regnbogeare, blåstål/rødnebb, kultivert og villfanga berggyllt, grøngyllt og rognkjeks (Nylund *et al.*, 2007; Nylund *et al.*, 2008; Steinum *et al.*, 2008; Karlsbakk *et al.*, 2013; Haugland *et al.*, 2017; Steigen *et al.*, 2018). Det er antyda at amøben er opportunistisk fordi den har så stor utbreiing og låg vertsspesifitet (Young *et al.*, 2008). *P. perurans* har òg vorte isolert frå overflater til lakselus (Nowak, Bryan og Jones, 2010), men det er uklart om det har nokon betyding for smitte og reservoar.

Sjølv om det har vorte gjennomført fleire studiar for å kartlegge reservoaret til *P. perurans*, har ein så lagt ikkje klart å finne ut kva det naturlege reservoaret er. Generelt er nakenamøbar (*Lobosa*) svært utbreidd i det marine miljø, og kan finnast i store konsentrasjonar i dei fleste habitat, frå opne hav til elvemunningar ved kysten (Page, 1983; Rogerson og Laybourn-Parry, 1992; Oldham *et al.*, 2016). *Paramoeba* sp. har vorte funne i marine og eustarine sediment, på nøter i merdane, og vorte påvist i nokre marine invertebratar som til dømes kråkeballar og krabbar (Tan, Nowak og Hodson, 2002; Crosbie, Nowak og Carson, 2003; Dykova *et al.*, 2005; Dyková *et al.*, 2007). Rensefisk kan utgjere ein risiko med tanke på at dei kan vere berarar av smitte, og slik fungere som potensielle reservoar for *P. perurans* (Karlsbakk *et al.*, 2013; Haugland *et al.*, 2017). Dei kan òg ha amøbar til stades på gjellene utan at det kan sjåast som flekkar (Haugland *et al.*, 2017; Dahle *et al.*, 2020 i trykk).

Dei detaljerte mekanismane for korleis smitte av amøbar spreier seg til og mellom ulike lokalitetar er ikkje fullt kartlagd enda (Nowak *et al.*, 2010; Adams, Crosbie og Nowak, 2012). Smitte mellom individ skjer horisontalt, og i eksperimentelle oppsett har ein oppnådd det ved bruk av kohabitantar eller ved direkte eksponering av naïve fisk for amøbar (Crosbie *et al.*, 2012; Dahle, 2015; Haugland *et al.*, 2017; Dahle *et al.*, 2020 i trykk).

1.6 Behandling

For å kontrollere sjukdomen og for å forsøke å unngå høg dødelegheit i fiskepopulasjonen må ein behandle fisken, og til tidlegare ein klarar å sette diagnosen og behandle, til meir effektiv vil behandlinga vere. Det er gjort observasjonar på at dess meir alvorleg sjukdomsutbrotet er, dess vanskelegare er det å behandle (Rodger, 2014). Dei to metodane som vert brukt kommersielt er badbehandling med ferskvatn eller hydrogenperoksid (H_2O_2).

Ferskvassbehandlingar vart først beskrive på slutten av 1980-talet, men er framleis ein av dei mest effektive og brukte metodane for behandling (Munday *et al.*, 1990; Oldham *et al.*, 2016).

Det er skånsamt for fisken, utgjer liten risiko for biverknadar og er miljøvenleg (Powell, Parsons og Nowak, 2001; Powell *et al.*, 2015; Hytterød *et al.*, 2017). Likevel kan det vere krevjande å få gjennomført på grunn av krav om nærliggande ferskvasskjelde og logistikk i høve til transport av vatnet, både med tanke på produksjonskostnadar og kvaliteten på behandlinga (Munday *et al.*, 2001; Kube *et al.*, 2012; Rodger, 2014; Powell *et al.*, 2015).

Behandlingsmetoden har vorte brukt i Australia, Irland, Skottland og Norge både terapeutisk og profylaktisk (Rodger, 2014; Powell *et al.*, 2015). Ferskvatnet induserer osmotisk sjokk i amøben, og reduserer viskositeten på slimet slik at laget med slim og amøbar lettare vert fjerna (Clark, Powell og Nowak, 2003; Adams og Nowak, 2004a; Roberts og Powell, 2008).

Behandlinga vert gjennomført ved at fisken i merden overførast til brønnbåt, eller ved å legge presenning rundt merden som skal behandlast, for så å halde fisken i ferskvatn (salinitet < 3 ‰) i 2-3 timar (Parsons *et al.*, 2001; Rodger, 2007; Adams *et al.*, 2012; Powell *et al.*, 2015).

Sjølv om behandlinga kan ha god effekt på gjellelesjonane, kan fisken verte reinfisert med AGD igjen etter første behandling og må då potensielt behandlast på nytt (Clark *et al.*, 2003).

Av den grunn er det vanleg med fleire behandlingar i løpet av produksjonssyklusen i Tasmania (Clark og Nowak, 1999; Adams og Nowak, 2004a). Nyleg vart det òg gjennomført ein studie som testa ut om gjenteken kortvarig ferskvassbehandling på Atlantisk laks kunne nyttast til å halde kontroll på sjukdomen (Wright *et al.*, 2018). Dette vart hovudsakleg gjennomført for å ha ein metode der ein kan unngå sannsynet for evolusjon av

ferskvassresistente amøbar (Wright *et al.*, 2018). For rensefisk som er marine fiskeartar kan ein ikkje bruke rein ferskvassbehandling. Ein må heller nytte brakkvatn med ein salinitet som fjernar amøben og opprettheld god fiskevelferd. Behandling ved 15 ‰ over fleire dagar har vist seg å ha god effekt (Dahle, 2015; Dahle *et al.*, 2020 i trykk).

Hydrogenperoksid vert ofte føretrekt i staden for ferskvatn på grunn av dei utfordringane ein kan oppleve med logistikken og reguleringa som er assosiert med ei ferskvassbehandling

(Adams *et al.*, 2012), men òg der ein nyttar rensfisk sidan ikkje alle artar har like stor toleranse for direkte eksponering til ferskvatn (Moltumyr, 2017). I tillegg har det vore vanleg å nytte hydrogenperoksid til behandling av lakselus (Bruno og Raynard, 1994; Grave *et al.*, 2004; Helgesen, Horsberg og Tarpai, 2020). Det har vist seg å ha like god effekt som ferskvatn på milde tilfelle av AGD (Adams *et al.*, 2012), men ved bruk på laks kan ein oppleve utfordringar knytt til dødelegheit og gjelleskader. Ved bruk av hydrogenperoksid må ein ta ekstra omsyn til temperaturen i vatnet. Under behandling med H₂O₂ har ein berre eit lite sikkerheitsområde, og det er ikkje anbefalt å bruke det ved temperaturar over 13,5 °C eller i tilfelle der gjellescoren er over 3 (Rodger, 2014). Frå eksperimentelle smitteforsøk er det vist at hydrogenperoksidbehandling mot AGD ved temperaturar over 12 °C ga negative effektar på fisken (Hytterød *et al.*, 2017). Ingen av behandlingsformene har derimot vist seg å ha 100% effektivitet på fisk med meir alvorleg grad av AGD (Parsons *et al.*, 2001; Hytterød *et al.*, 2017; Martinsen, Thorisdottir og Lillehammer, 2018).

Det er litteratur som tyder på at tidlegare smitta og behandla fisk vil vere meir resistent mot sjukdomen ved reinfeksjon, men tida etter første smitte er truleg avgjerande for kor godt beskytta fisken er (Vincent, Morrison og Nowak, 2006). Fisk som vart behandla to gonger eller heldt i 4 veker i ferskvatn var meir resistente for reinfeksjon, men det blei antatt at denne resistensen er forbunde med stimulering av det uspesifikke immunforsvaret (Findlay og Munday, 1998). Andre studiar viser at fisken ikkje vert resistent mot reinfeksjon (Gross *et al.*, 2004). Ein kan likevel ikkje vite dette sikkert, då denne litteraturen er frå tida før ein hadde identifisert kva for ein art av *Paramoeba* som faktisk var årsak til AGD. Seinare studiar har rapportert om at resistens mot AGD kan vere arveleg, og selektiv avl har vorte foreslått som eit alternativ til behandling og andre kontrollmetodar, for å auke resistensen mot AGD (Taylor *et al.*, 2009a; Kube *et al.*, 2012; Boison *et al.*, 2019; Lillehammer *et al.*, 2019).

Behandlingar i felt inneber mykje handtering og trenging som kan medføre stress for fisken. Sjølv om ein behandlar for å unngå dødelegheit, kan også ei mekanisk behandling medføre auka dødelegheit i etterkant. I dette forsøket skal fisken ikkje trengast, og ein skal berre sjå på effekten av ferskvatn på gjellene.

1.7 Mikrobiota

Mange marine amøbar er bakterivore artar og dyrkingsvilkår der bakteriar samdyrkast er kritisk for å oppnå ein vellykka kultur (Bovee, Sawyer og Service, 1979; Jellett og Scheibling,

1988). Amøbar som vert isolerte frå sitt naturlege miljø vert vanlegvis assosiert med bakteriar i kultur, sjølv om dei vert overflatedesinfisert på førehand (Dykova og Kostka, 2013 sitert i Nowak og Archibald (2018)). Basert på ultrastrukturelle undersøkingar, kunne Dykova *et al.* (2005) observere at nokre *Paramoeba* «trofozoittar» ikkje primært var bakterivore når dei vart haldne i kultur, men isolat frå sedimentprøver i same studie viste bakteriar i cytoplasma.

Tilhøvet mellom *Paramoeba* og bakteriar er meir komplekst enn å berre vere ei næringskjelde, men det er framleis ikkje fullt ut forstått (Nowak og Archibald, 2018). Sjølv om det er lite studert, så er der potensielt ein samanheng mellom gjellemikrobiota og/eller patogene bakteriar og alvorsgrad av AGD. Ein kan difor ikkje sjå bort i frå at infeksjon med *P. perurans* kan verte assosiert med enten ko-infeksjon med patogene bakteriar eller med ubalanse i gjellemikrobiota (Egan og Gardiner, 2016; Nowak og Archibald, 2018). Egan og Gardiner (2016) har foreslått at fleire infeksiøse sjukdomar i det marine miljø kjem av mikrobiell dysbiose og ubalanse i mikrobiota, noko som viser at det er naudsynt med vidare studiar på tilhøvet mellom mikrobiota på laksegjeller og sjukdomar som til dømes AGD. Prosjektet som masteroppgåva er ein del av skal ta for seg noko av denne problematikken.

Mesteparten av studiane som allereie er gjort på fisk om mikrobiota er frå mage/tarm (om tarmfloraen), og det er difor lite som har vorte rapportert om bakteriefloraen på gjellene (Merrifield og Rodiles, 2015; Nowak og Archibald, 2018). Fleire undersøkingar frå både ferskvass- og marin fisk har likevel demonstrert at gjellene kan vere kolonisert av eit breitt spekter av bakterieslekter (Merrifield og Rodiles, 2015), og det er rapportert om at bakteriemengda på gjeller til fisk (m.a. regnbogeaure) kan overstige 10^6 CFU per gram gjellevev (Trust, 1975). Frå studiar gjennomført i Tasmania er det vist at slekta *Psychroserpens* (*Flavobacteriaceae*) var dominerande i laks infisert med AGD (Bowman og Nowak, 2004). Ein annan studie fann to gjellebakteriar (*Winogradskyella* spp. og *Staphylococcus* spp.) som òg var meir dominante hjå AGD-infisert laks (Embar-Gopinath *et al.*, 2008), og i eksperimentelle smitteforsøk vart det bekrefta at *Winogradskyella* hadde betydning for omfanget av AGD (Embar-Gopinath, Butler og Nowak, 2005; Embar-Gopinath, Crosbie og Nowak, 2006). Ko-infeksjon med *Yersinia ruckeri* har ikkje vist seg å ha signifikant påverknad på omfang av AGD (Valdenegro-Vega *et al.*, 2015). I ein nyare studie gjort av Benedicenti, Secombes og Collins (2019b) identifiserte ein to nye slekter, *Joostella* spp. og *Muricauda* spp. (familie *Flavobacteriaceae*) frå mikrobiotaen i *P. perurans* kulturar. Denne studien, saman med eit forsøk gjennomført av Collins *et al.* (2017), såg virulensskilnadar mellom klonar og kulturar av *P. perurans* (Benedicenti *et al.*, 2019b).

Mikrobiota vart føreslått som ein faktor som kan påverke vekst og virulens av *P. perurans* kulturar, då ein fann signifikante skilnader i bakteriesamansetninga mellom isolata som vart dyrka (Benedicenti *et al.*, 2019b).

Framleis er det mange kunnskapshøl når det gjeld kva rolle mikrobiota på gjellene til laks har av betydning for fiskehelse, kva samanheng det er mellom gjellemikrobiota og infeksjon av *P. perurans* i gjellevevet, og korleis behandlingar eventuelt vil spele inn på dette. Cahill (1990) føreslo at stressfaktorar som dårleg vasskvalitet, temperaturendringar, ernæringsmanglar, for høg tettleik av fisk, traume, infeksjon med parasittar eller primærinfeksjonar av virus kunne ha innverknad på mikrobiota på hud og gjeller. Seinare har ein funne bevis på at sesongvariasjonar (m.a. temperatur) (Al-Harbi og Uddin, 2007), og dårleg vasskvalitet (Masouleh, Sharifpour og Arani, 2006) er faktorar som kan påverke gjellemikrobiotaen (Merrifield og Rodiles, 2015). Under behandling, som til dømes ved ferskvassbehandling av AGD, kan det tenkast at ei rask endring i vassmiljø vil påverke mikrobiotaen som er til stades på gjellene. I kontrollert miljø, som i smitteforsøk, utan andre patogen til stades kan det gå bra, sidan fisken då stort sett kan allokere meir energi til å rette opp igjen normal balanse i mikrobiota. I felt, der det vil vere mange andre patogen til stades, vil det truleg vere meir utfordrande og potensielt føre til redusert gjellehelse. Det trengs difor meir kunnskap rundt korleis behandling vil påverke gjellehelsa til laks.

1.8 Mål med studien

